

HYRDINGEN



Nr. 3

Juni 2024

ÅRGANG 66

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

Konfirmantane

Sjå side 8–9.



Konfirmantar i Ølen og Bjoa
Foto: Økland Foto

Kyrkjelydspedagogen har ordet	s. 2	Vårdugnad rundt kyrkjene	s. 6	Kulturveka i Vats	s.12
Redaksjonspennen	s. 3	Fellesrådet på synfaring	s. 7	Kunngjeringar	s.13
Min song	s. 3	Konfirmantane 2024	s. 8	Gudstenestelista	s.14
Sandeid sokneråd	s. 3	Kristenretten 1000 år	s.10	Kyrkjeboka	s.14
Isvik Bedehus 50 år	s. 4	Kyrkjjetunet fungerer som kyrkje	s.10	Møte, arrangement og kunngjeringar	s.15
Oppussingsarbeidet av Ølen kyrkje	s. 5	Skjold kyrkje 25 år	s.11	Koret heidra Tore Tokheim	s.16



Kyrkjelydspedagogen har ordet

Av Ester Limstrand Åsheim



Bæsj! 4-åringen ropar. Ordet skapar reaksjonar. Nokon kveler latteren. Mamma sukker: «No har du sagt det mange gonger. Eg vil du skal slutte». 4-åringen ler godt og roper ut neste ord: «Proooooomph!» Mamma tek 4-åringen sin stol og snur den mot seg. Mamma har strengare stemme: «No vil eg du sluttar, eller så må eg og du gå frå bordet». 4-åringen kikkar på mamma, snur seg mot isen som smeltar på tallerken og er enig. Så blir det ikkje meir fis-besj-tiss-promp-prat for ei stund.

Det er første gong eg innleier i Hyrdingen med ordet «Bæsj». Dei fleste foreldre kjenner igjen denne situasjonen og kan le av det i ettertid. Som foreldre arbeider ein seg framover. Etter kvart blir det meir omfattande ting som skal lærast. Grensar. Reglar. Samfunn. Ungdommar skal lære seg livet sine spelereglar. Foreldre blir bedde om å følgje med. Saman skal me klare det.

Trusopplæring kan på ein måte samanliknast med å vere med på grensesetjing og vegleing.

Når Jesus underviste var det mange folk som samla seg rundt han. Dei såg kjærleiken hans. Jesus gav menneska glede og håp. Jesus var også tydeleg -og til tider nokså streng. Han irettesette og snakka tydeleg til dei som synda. Men han var -og er, høgt elska av dei som har fått møte han.

Samfunnet har utvikla seg positivt på mange område, men det har utvikla seg i feil retning på andre. Meir enn før kjenner eg det er viktig at eg som kristen tør å vise til det som står i bibelen. Tørre å gi beskjed om det som ikkje er greitt -sjølv om eg kan få mange negative tilbakemeldingar på det eg står for. Folk kan bli støtt, folk kan kjenne seg krenka.

Det kan opplevast som Gud er frykteleg streng og set hindringar

i vegen. Men ser me på konsekvensane av det som Gud vil, så vil me sjå at me har unngått dårlege opplevingar og fått gode og trygge opplevingar i staden. Dette må me tørre å lære born og unge som veks opp. Me må vere tydelege i forhold til det bibelen viser oss.

Ungdommar har eit større rom enn før til å utforske og eksperimentere. Er rommet deira blitt for stort? Eg møter barn og unge som søker trygge rom. Vaksne som viser veg. Trør dei feil så skal me vise Guds kjærleik og vise beste vegen vidare. Gud set ikkje grensar og reglar opp som hinder på vegen i livet. Han gir oss bod slik at me unngår å ramle i grøfta. Og fell du i grøfta så er Jesus der og løfter deg opp igjen.

Livet som kristen kan virka traust. Eg kan seie det er alt anna enn det. Det er morosamt, spennande og lærerikt. Eg ønsker å vise alt det gode som bibelen har å gi oss. Me som kristne må vere tydelege i ei verd som har viska ut skilje mellom det som er godt og det som ikkje er bra. Me må bruke bibelen som rettesnor og samstundes vise Jesus sin grenselause kjærleik.

Sandeid sokneråd

Av Steinar Skartland

Sandeid sokneråd har nå vore i aktivitet ei stund etter val og konstituering, der Tore Tokheim vart vald til leiar og Harald-Olav Stuhaug som nestleiar.

– Medlemmene er engasjerte og praktiske folk, seier nestleiar Harald-Olav Stuhaug, som også er Sandeid sin representant i Fellesrådet for kyrkjene i Vindafjord. Han var sist med i soknerådet for tjue år sidan. Leiaren, Tore Tokheim, har også tidlegare vore leiar av soknerådet.

Fellesrådet hadde synfaring på kyrkja i april og det skal koma ein statusrapport som grunnlag for Fellesrådet si prioritering av budsjettmidlar til vedlikehald. Etter lynnedslaget for nokre år sidan

Redaksjons-PENNEN

Av redaktør Steinar Skartland

– Gratulerer med dagen! Det har vi kunna sagt til kvarandre mange gonger i det siste. Konfirmantane i kappar eller i fine festklede i lag med familie og vener. Bileta av dei har vi med i dette bladet. Nå er vi tilbake «til normalen» og konfirmasjonar etter påske. Gjennom året har ungdommane fått delteke i undervisning og aktivitetar, sikkert på ein annan måte enn i skulekvardagen. Eg vonar at dei nå går vidare ut i livet med gode minne og gode vener. Men også med litt ekstra ballast og gode retningslinjer for livet. Dei som er konfirmerte i kyrkja har fått påminning om ein som elska oss så høgt at han var villig til å ofra alt for å berga oss. Ved hans sår har vi fått lækjedom og tilgjeving. Han som alltid høyrer når vi vel å venda våre tankar eller ord til Gud i bøn. Hugs på det – med takk.

Vi har også kunna gratulera kvarandre med nasjonaldagen 17. mai, heisa flagg på frigjeringsdagen og på 1. mai. Her er kontrastar. På nyheiter høyrer vi om krig, menneske som blir såra eller drepne, bustader og samfunn som blir øydelagde. Sjølv kan vi feira fridom og demokrati. La oss stå saman om både feiringa og arbeidet med å ta vare på denne fridommen. Den er ikkje sjølsagt. Fred og fridom kan vi best få med å snakka saman og løysa problema medan dei er små. Det gjeld både i venneflokken og mellom nasjonane.

vart tårnet utbetra og fekk ny kledning. – Inngangspartiet har gammal, høvla kledning som maling ikkje bit på, den ynskjer me å få skifta ut. I tillegg er det roteskader i nokre vindaug i sør, fortel Harald-Olav Stuhaug, som legg til at Sandeid kyrkje er i god stand, både innvendig og ute. Førre sokneråd sette i gong arbeid med å restaurere det gamle orgelet. Dei slutfører dette med innleigde fagfolk. Midlar er bevilga, og prosjektet har soknerådet ansvar for sjølv. – Me er litt usikre på om det vil vera naudsynleg å endra portane når den nye sykkel- og gangstien er ferdig, seier nestleiar. – Kyrkja har to små parkeringsplassar, og me vurderer om desse kan slåast saman. Når det er gudstenester med dåp eller spesielle søndagar, så er fram-møtet godt til gudstenester, men i andre samanhengar er det ein liten kjerne som møter trufast opp.

Min song

Presentert av Jan Åge Brekke

Dette er vel ein song for den yngre generasjonen, men den vekker gode minne frå tida eg gjekk i Feedback. Der hadde me og ein musikal som heite «Tøff nok». Denne songen lever i aller høgste grad endå. Det er jo ein gladsong, men teksten utfordrar oss.

Det er ikkje alltid lett å «vise hvem vi høyrer til». Derfor er det godt å stola på at Jesus stiller opp for oss. Gud møter meg når eg høyrer på lovsong eller lovsyng sjølv.



Eg er opprinneleg fra Etne, men bur nå i Dalavik i Skjold saman med kone og tre barn. Har jobba i Nordsjøen i over 20 år. Eg er med i lovsongsteamet i Haugesund Misjonskirke, og syng i mannskoret i Vats. Foto: Jan Åge Brekke

TØFF NOK

Tekst og melodi: Arnold Børud. 1986

Jesus spør om du er tøff nok til å vise hvem du høyrer til. Spør deg nå «Er du tøff nok til å møte mobberne med et smil?». Nå er det tid til å heise rent flagg. Ikke i morgen, gjør det i dag hvis du er tøff nok til å vise hvem du høyrer til.

På skolen er det ikke alltid like lett. Du risikerer å bli mobbet, rett og slett. Hvis du vil fortelle de andre hvem Jesus er så er det ikke sikkert at du blir så populær.

Husk at du har en real venn som hjelper deg. Han stiller opp når allting skjærer seg. Så derfor er det sterkt av deg å være stø og stille opp for Jesus selv om folk syn's du er sprø.



Sigve Hasseløy Clementsen (sokneprest); Hilde Kvinnesland (2.vara / sekretær); Margun Marit Dávøy Stople (representant fut); Øystein Helgeland (1.vara); Harald-Olav Stuhaug (nestleiar / representant til fellesrådet); Tore Tokheim (leiar); Eirik Stople (kasserar); Grethe Hustvedt Lærdal og Rannveig Obrestad.

Isvik Bedehus 50 år

Av Steinar Skartland (foto og omtale).
Info om bedehuset: Sigmund Eggebø.

Isvik Bedehus feira 50-års jubiléet med festkledd gjester, talalar og god mat i storsalen, fredag 8. mars. Gunnbjørg Nesbu hadde æra av å leia festkvelden der tidlegare sokneprest i Skjold, Trond Wathne, var festtalar og imponerte festlyden med munnspel. Medan leiaren i styret, Sigmund Eggebø presenterte historia til bedehuset og arbeidet med dette. (Referert nedanfor).

Det gamle bedehuset

Det gamle bedehuset i Isvik vart truleg vigsla i 1907. Dette var det gamle skulehuset på klokkgarden som vart reist som bedehus, kjøpt av kommunen for 330 kr. Huset var då det einaste bedehuset i Nordre Skjold. I 1923 fekk bedehuset eit tilbygg og hadde då plass til om lag 200, men blei rive då det nye stod ferdig. Det gamle bedehuset hadde svært lita tomt, og det var ikkje, eller i svært liten grad, plass til parkering. Difor vart det i fleire omgangar kjøpt større tomteareal.

Under krigen tok tyskarane huset. Dette er ikkje nemnt i det heile i styreferata før i 1956, då det vart vedteke pengeinnsamling for å kjøpa ny komfyr og få nytt uthus. Ein vart også samde om å ta ned skorsteinen etter tyskarane. Tyskarane hadde ikkje fare fint med huset.

Etter kvart vart det større og større behov for ein omfattande reparasjon. Det vart søkt kommunen om stønad til dette og kommunen innvilga 1000 kr.

Utover 1960-talet vart det tenkt mykje på korleis ein skulle gjera: det vart søkt til Vegvesenet om løyve til reparasjon eller ombygging av huset. Men vegvesenet sa nei. Huset låg for nær vegen. Men vegvesenet ville gi stønad på 100.000 kr til bygging av nytt hus dersom det vert bygd lenger borte frå vegen.

Arbeidet med nytt bedehus

I 1967 vart det kalla inn til allmannamøte der det vart drøfta om ein skulle byggja menighetshus for alle bygdene i Nordre Skjold, eller bedehus for Isvik/Haugen. Det vart ingen avstem-

ming denne kvelden, det var heller ikkje meininga. Men det kom klart fram at det var to ulike meiningar om saka. På allmannamøte i 1968 vart det gjort vedtak om å fortsetja med planar om bygging av bedehus. Ei nemnd vart valt for å arbeida med planar, teikningar og kostnadsoverlag, og seinare ei finansieringsnemnd.

Årsmeldinga for 1968 viser at innsamling til nytt bedehus er godt i gong. På allmannamøte 5. des. 1969 vart teikningar godkjende, og det vart vedtatt å gå i gang med grunnen straks. Det vart eit stortilt dagnadsarbeid, med grunn, grunnmur, golv i kjellaren og golv i hovudetasjen.

I slutten av mars 1971 var grunnmuren, golv i kjellaren og golv i hovudetasjen ferdig, og ein var klar til å gå i gong med treoverbygget.

Dette vart reist av byggmeister Georg Håkull og hans medarbeidarar, og i tillegg nokre frivillige.

Bedehuset vart vigsla den 10. mars 1974

Formannen i bedehusstyret, Laurits Frøyland, las prolog, og sokneprest Hansen heldt vigslingsstalen. Ein klar tone frå heile vigslingsfesten var ynskje om at Guds ord må få lyda klart og reint i og frå dette huset. Kru-sifikset framme i storsalen vart laga av sokneprest Per K. Hansen.

Bedehuset vart brukt mykje til barne- og ungdomsarbeid, m.a. speidararbeid og barnekor. Etter at Skjold kyrkje brann i september 1992 og fram til ny kyrkje stod ferdig i mai 1999, fungerte bedehuset som kyrkje. Mangeårig formann i bedehuset, Laurits Frøyland, laga nytt alter,



Isvik bedehus 50 år – feira 8. mars 2024.



Festen vart leia av Gunnbjørg Nesbu.



Festtalar Trond Wathne peika på evangeliet, den glade bodskapen og dei som bar vidare det Jesus sa: Gå ut ...



Formann i styret: Sigmund Eggebø.



Tore Nygård si blåsegruppe.



Tidl. sokneprest Trond Wathne var festtalar og imponerte med musikk på munnspel.



alterring og døypefont. Saman med Severin Hove var han også drivkrafta bak då bedehuset vart reist.

Festkvelden

I tillegg til denne orienteringa så vart det i festkvelden vist gamle filmopp-tak frå arbeidet med huset, og fleire kjende igjen både seg sjølv og andre ihuga dugnadsfolk. Under bygginga vart det utført over 3000 timar med

dugnad og i tillegg over 300 timar med traktorarbeid, kom det fram. Ein flaum i 1992 oversvømte kjellaren. I mange år var ein plaga med fukt i underetasjen på huset og i 1998 prøvde ein å drenera bort vatn og leggja nytt tak av H-panne. Først seinare vart det oppdaga ein brønn under kjellargolvet. Det var nok herifrå fukta kom og i 2023 vart det grove drenering som leia bort vatnet. Før

jubileet var det også utført målearbeid, og nå har Isvik eit godt bedehus i mange år framover.

I samband med at bedehuset var nytta til kyrkje frå 1992 vart det reist eit klokketårn over kjøkkentaket. Dette vart rive igjen i år 2000.

På programmet festkvelden var det både talar, god servering og hornmusikk ved Tore Nygård si blåsegruppe.

Kyrkjetunet Ølen – Orienteringsmøte 23. juni kl. 13.00

Om oppussingsarbeidet av Ølen kyrkje.

Informasjon ved Gunda Berge
– Leiar i Ølen-Bjoa sokneråd

Soknerådet inviterer til bygdemøte for å orientera om oppussingsarbeidet i kyrkja. Arbeidet starta straks over nyttår og malingsarbeidet er nå i slutfasen. Men det er mange andre ting som også skal gjerast og som framleis står att. Meir om dette på møtet. Det vert og ei omvising i kyrkja for dei som er interessert i å sjå kva som er gjort og kva arbeid som pågår.

Det er ei nokså stor oppgradering som skjer i kyrkja. Det vert mellom anna endringar i fargar. Dei nye fargane er inspirert av fargane som var i kyrkja før førre maling (i 1940-åra). Vidare er det gjort nokre små bygningsmessige endringar i korpartiet. Preikestolen er flytta til eine sida og koret er opna opp i heile breidda.



Arbeid med å slipa ned golvet i kyrkja.

Kommunen/fellesrådet har tatt eit stort økonomisk løft for å få til oppussingsarbeidet. Likevel kjem me ikkje i mål med deira løyvingar. Difor er det mykje som må gjerast på dugnad og med innsamla midlar. I tillegg er det nå ein gong slik at oppussing av eldre hus alltid gir overraskingar og ekstraarbeid. For dette prosjektet var det særleg trongen for vedlikehald av vindauga som skapte mest ekstraarbeid/ekstrakostnad.

Me har endå ikkje fått inn nok midlar til å gjera alt som bør gjerast – det er framleis ting som står på venteliste. Dette gjeld mellom anna oppussing av sakristia. I tillegg har nytt varmeanlegg måtta utsetjast inn til vidare. For å koma i mål med mest muleg av planlagt arbeid, er det difor svært kjærkome med gaver.

Gåver kan sendast til: 3240.16.25215.

Vårdugnad rundt kyrkjene

Tekst: Liv-Kari Bødtker

Våren er høysesong for ute-dugnad, og slik er det også ved kyrkjene våre. I nesten alle bygdene våre har frivillige, med sokneråda i bresjen, fiksa opp utvendig – og nokre stader også innvendig – i dei åtte kyrkjene våre. Me vil jo at kyrkjene skal ta seg flott ut både utvendig og innvendig til konfirmasjonar og 17. mai-feiring.

Det var travelt i Vikebygd der det var tillyst to dugnader same kvelden, og det var mange som deltok både ved kyrkja og på Bygdahuset.

– Ved kyrkja blei det luka, det blei planta i krukkene på trappa og det blei rydda greiner som hadde blese ned i løpet av vinteren. Innandørs vaska me i krikar og kroker, pussa alt kyrkjesølvet og gjorde det så fint me kunne. Det blei også rydda i teiknekroken, slik at det skal vera klart til borna, fortel Inger Mathilde Sørvåg.

På Bjoa var det godt oppmøte, og med elleve dugnadsfolk i sving, viste det godt igjen rundt kyrkja etterpå. Klypping, raking og fjerning av forvaksne buskar inne på gravplassen, og ikkje minst kosting av heile parkeringsplassen etter vinteren. Sjølv sagt var det tid til kaffi-/tepause på kyrkjetrappa med herleg heimebakst og god drøs. I ettertid har soknerådet også fått hjelp av velvillige lokale bedrifter til å fiksa, sandblåsa og lakkera grinda inn til kyrkjegarden.

Det er så sant som Inger Mathilde Sørvåg seier:
– Dugnaden er en viktig del av det som kan binda folk i ei bygd og eit sokn saman, både det praktiske arbeidet og ein kaffikopp kombinert med prat om laust og fast. Det er ikkje den sak som er for stor til å bli drøfta i ein kaffipause på ein dugnad.

Takk til alle som deltok på vårdugnad for kyrkjene våre!



Godt mannskap på dugnad rundt Bjoa kyrkje. Bakarst f.v. Ernst Arne Sælevik, Roald Sandsgård. Midten: Elin Thorsen, Gunnar Dalen, Jan Rolfsnes, Bente Sandsgård. Fremst: Elin Gjerde, Agnar Naustdal, Sonja Sælevik og Anne Lise Sandsgård. Foto: Liv-Kari Bødtker.



Forvaksne, stikkete berberisbuskar inne på gravplassen blei fjerna i ein fei av Gunnar Dalen med sag og Roald Sandsgård og Agnar Naustdal som fekk styggeskapen i tilhengar og frakta det vekk. Foto: Liv-Kari Bødtker.



Flittige damer med store dugnadssmil: Sonja Sælevik og Elin Gjerde. Foto: Liv-Kari Bødtker.



Smilande dugnadsdamer i Vikedal også, og grusgangane så flotte! Bjørghild Vetthus og Norunn Eintveit. Foto: Leif Øystein Leifsen.



I Vikebygd blei det vaska og pussa inne i kyrka også. Nå blenkjer den nypussa dåpskanna! Foto: Inger Mathilde Sørvåg.



Ingen dugnad utan kaffipause! F. v. Margunn Barane, Gunnbjørg Ulveraker og Solveig Hortman. Foto: Inger Mathilde Sørvåg.

Fellesrådet med synfaring på kyrkjene

Av Dag Tormod Milje, fung. leiar i Fellesrådet

Fellesrådet har ei viktig oppgåve i å bidra til at kyrkjene blir haldne vedlike. Denne oppgåva gjer fellesrådet på vegne av sokneråda. I Vindafjord er det 8 kyrkjer som er ganske forskjellige. For at fellesrådet med sine medlemmer skal kunne gjere dette på ein best mogleg måte er det viktig å kjenne til kyrkjene. Difor bestemte fellesrådet å besøke alle kyrkjene.

Laurdag 20. april starta vi i Imsland, og tok etter det kyrkjene for oss: Vikedal, Sandeid, Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og Vats. Det var ei nyttig synfaring. Vi fekk sjå kyrkjene og blei kort orientert om kva som har blitt gjort av prosjekt dei siste åra, og kva som var planlagt. Inntrykket som vi sit igjen med er at kvar kyrkje er forskjellig og dei har alle større eller mindre behov for tiltak.

Ein stram økonomi gjer at fellesrådet ikkje har anledning til å gjere utbetringar så raskt som ein gjerne skulle ønske. Men etter synfaringa ser vi det som viktig å lage ei god oversikt over kjente utfordringar knytt til kvar kyrkje. Anten det gjeld større eller mindre ting som bør gjerast, skal fel-



Bjørghild Vetthus, medlem av FR utanfor Imsland kyrkje.



Fellesrådet i Ølen kyrkje.

lesrådet ha ei slik oversikt og så gjere prioriteringar av kva som kan gjerast. I denne samanheng er det viktig at sokneråda skriftleg melder til kyrkjevjerja behov som dei ser, slik at fellesrådet blir orientert.

I arbeidet med å vedlikehalde kyr-

kjene ser vi at det fleire stader er mykje frivillig dugnadsinnsats. I Vikebygd traff me til dømes to damer som luka rundt kyrkja. I Ølen er det oppussingsprosjekt på gang og der var det imponerande å sjå og høyre om den store dugnadsinnsatsen som blir gjort.



Foto: Økland Foto.

Ølen og Bjoa

Bak frå venstre:

Debora S. Hustveit (konf.medarbeidar), Britt G. Karstensen (kateket), Ewa Emelia Carnerö, Celina Langeland Schneekloth, Christian Eikesdal, Leander Skålnes Solheim, Markus Grønnestad-Lunde, Emil Johan Brekke, Jørgen Blikra Johansen, Even Knutsen, Thomas Vik, Alexander Berge, Dominic Matei Pacurar, Oliver Olsen Ulset, Amund Rambjørg, Jendine Erichsen Østebøvik, Sara Vik, Sigfred Sørensen (prest).

Framme frå venstre:

Astrid Erslund Hellås, Tiril Dalaker Miljeteig, Ine Hundhammer, Frida Eikehaugen, Turid Vivelid, Michelle Søndena-Maage, Celina Hegge Nesland, Dina Kvamme Fedje, Martine Heggebø, Ida Celine Ferkingsstad Staknes, Isabell Vågen, Lise Marie Steinsvik Hundhammer, Rebecca Steging Hustveit, Kristina Vedholm Heggen, Nora Lunde, Solfrid Lønning Haaland, Sina Rebekka Koch, Live Vårvik Matre.

Fellesbilde Bjoa, Ølen og Ølensvåg: Konfirmantane i kyrkja og i Vågen bedehus hadde konfirmanttida i lag og ville ha felles bilde.



Foto: Fotograf Nordtveit.

Vikebygd

Bak frå venstre:

Torgeir Veia (sokneprest), Eirik Andersen Sætre, Heine Tjoflot Nes, Thomas Dagsland Dommersnes, Ester Limstrand Åsheim (konf.leiar).

Framme frå venstre:

Elsa Lovise Fisk Eide, Linnea Liudden, Tonje Ruud Hetland, Leona Maria Langhelle Vik, Maria Stene Bauge.



Foto: Fotograf Nordtveit.

Imsland

Frå venstre:

Elisabeth Fauskanger (prostiprest/vikar), Celine Rønnevik, Kasper Mo Rønnevik og Marita Kvitno Staurland (konf.leiar).



Foto: Fotograf Nordtveit.

Sandeid

Bak frå venstre:

Wilhelm Helgevold og Marita Kvitno Staurland (konf.leiar).

Framme frå venstre:

Elisabeth Fauskanger (vikar/prosti prest), Hedda Kvinnesland, Eiril Stople Enge og Tilda Håheim.



Foto: Fotograf Nordtveit.

Skjold

Bak frå venstre:

Theo Nilssen, Tobias Nesheim, Even Bauge, Casper Haraldseid, Lars Langeland, Ailo Erslund Byrkja, Oliver Sørhus, Torgeir Veia (sokneprest).

Midt frå venstre:

Ester Limstrand Åsheim (konf.leiar), Vanessa Andersen Dyrseth, Lena Hjelmeland Gregersen, Erla Oppedal,

Inger Marie Velde, Lena Nesheim Urdal, Norah Rindahl Hansen, Lindy Fludal.

Framme frå venstre:

Ingrid Nesheim, Tilde Gundersen Hansen, Mia Seline Kjærland, Michelle Nordtveit, Vilde Johannessen, Kristina Håvardsholm, Serine Haraldseid, Stina Halleland.



Foto: Fotograf Nordtveit.

Vats

Bak frå venstre:

Torgeir Veia (sokneprest), Birk Djuve Jekteberg, Severin Skjold, Rasmus Sandvik, Johann Eikesdal, Christian Børre Viana Nordtveit, Ola Vannes, Jørgen Eide, Ester Limstrand Åsheim (konf.leiar).

Framme frå venstre:

Alva Innvær, Vivil Enéh Austestad, Lena Nesheim Urdal, Serine Haraldseid, Hannah Nygård.



Foto: Fotograf Nordtveit.

Vikedal

Bak frå venstre:

Elisabeth Fauskanger (prostiprest), Knut Ole Eikeland, Nikolai Nesheim, Marita Kvitno Staurland (konf.leiar).

Framme frå venstre:

Sofie Holten Leifsen, Mathilde Ur Antonsen, Leah Bakkedal, Otilie Matre, Andrea Espevoll Leifsen, Marian Haraldsen Ræstad, Tonje Halleraker og Mina Grimås.

DÅRLEG TIMING!

Av Britt Karstensen

«Koffor må kjøkje stengast akkurat når ME skal konfirmerast?!? Dei kunne i alle fall ha venta til etter konfirmasjonen!»

Kommentaren kom som ein spontan og lettare indignert reaksjon då konfirmantar og føresette blei informert om oppussing av Ølen kyrkje. For kyrkja BETYR noko! Og sjølvsagt er det viktig å konfirmere seg i si eiga kyrkje! For det er nettopp det lokalkyrkjene er... mange si «eiga kyrkje». Her høyrer me til, med heile livet vårt, i glede og sorg.

No viste det seg at Bjoa kyrkje også er veldig fin, - og konfirmasjonsgudsteneene der blei flotte festdagar, både for Bjoa-konfirmantane og for dei frå Ølen og Ølensvåg.

Også var det litt stas å få tatt eit felles konfirmasjonsbilde av alle frå Ølen, Ølensvåg og Bjoa - inkludert dei som konfirmerte seg på bedehuset. For me var jo saman om alt, og ein stor gjeng heile konfirmanttida fram til konfirmasjonsdagen. Då er det kjekt å sjå alle samla i finstasen også!

Så gler me oss til at Ølen kyrkje blir opna igjen, og neste års konfirmantar frå Ølen og Ølensvåg kan sjå fram til ein festdag i ei nyoppussa «eiga kyrkje»!

Kristenretten 1000 år

Tekst og foto: Øivind Jønsson

Sommaren 1024 var vestlendingane samla til ting på Moster. Hovudsak var innføring av kristenretten.

Alt i år 1000 hadde islendingane samrøystes vedteke at kristendommen skulle vera Islands offisielle religion. Blotning måtte ein berre gjera heilt privat. Olav Haraldson møtte folk som var godt kjende med kristendommen, ikkje minst frå vikingferder og handelsferder til dei britiske øyane. Med i Olavs følge var ein biskop, Grimkjell, som var teolog, og visste korleis ein kunne organisere kyrkja. Så vedtok tinget ei nyorientering av samfunns- og tankeliv som er den største vi kjenner til i historia. Sjølve menneskesynet

blei endra: Gal. 3, 28: «Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus».

To andre kristne kongar, Håkon Adolfsfostre og Olav Trygvason, hadde vore på Moster før Olav Haraldson. På Olav Trygvasons tid blei det reist ei kyrkje. Kyrkja som står der i dag er bygd litt før 1150, og er truleg den eldste steinkyrkja i landet i dag. Omkring denne gamle kyrkja skal det i sommar markerast at det nå er 1000 år sidan innføringa av kristenretten. Kva skjer med kristenretten i våre dagar...?

Nasjonalsongen, 2. vers lyder: «Vårt heimland i mørker lenge



Moster kyrkje – bygd før 1150.

låg, og vankunna ljuset gøymde. Men, Gud, du i nåde til oss såg, din kjærleik oss ikkje gløymde. Du sende ditt ord til Noregs fjell, og ljøs over landet strøymde.»

Kyrkjetunet fungerer som kyrkje

Tekst: redaktøren i samarbeid med Liv Kari Bødtker (foto)

Dei siste månadane har Ølen kyrkje vore stengd medan den vart renoverert. Sjølv om soknet også har ei kyrkje på Bjoa, der ein valde å ha alle konfirmasjonane dette året, så var vegen ikkje lang for kyrkjelyden opp bakken til kyrkjetunet. Dette bygget har fungert på ein god og tenleg måte til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Hovudringinga skjer i kyrkja, men dei tre slaga før og ni slaga etter blir ringa med ei gammal skipsklokke på Kyrkjetunet.



Dåp, vikarprest Magnhild H. Helberg. Det blide dåpsbarnet Kasper, i gudfar sine trygge armar. T.h. foreldra Elise H. Kringeland og Jakob Kolås med storesøster Liva.



Folk stoppar gjerne lenge når kyrkjekaffien blir servert og praten går rundt borda. Då morsdag og fastelavn treffe på same søndagen, diska f.v. Marvel Windsand og Aud Roa opp med raus kyrkjekaffi. Vikarprest Magnhild H. Helberg (t.h.)



Nattverden blir feira også på Kyrkjetunet. Sigfred Sørensen og klokkar Elisabeth Lunde. (Messehakelen og «altertavla» kler kvarandre i fargar og symbolske motiv).

Skjold kyrkje 25 år

Tekst og foto: Gunnar Listog



Skjold kyrkje – 25 år



Ei lydheyr forsamling på konsert med Sigvart Dagsland.

Langkyrkja i Skjold frå 1887 vart sett fyr på om natta den 13. september 1992. Etter år med planlegging og mykje dugnadsarbeid vart ny kyrkje vigsla til bruk 16. mai 1999. I år er den 25 år.

Den nye, romslege katedralen har synt seg veleigna til alle aktivitetar som høyrer med i ein veldreven kyrkjelyd: Gudstenester, bryllaup, gravferder, ulikt barne- og ungdomsarbeid, eldresamlingar og gode kulturopplevingar. I mai 1999 gjennomførte

soknerådet ei vigslingsveke med ulike aktivitetar for alle aldersgrupper. Ei slik kulturveke vert det ikkje denne gongen, men ulike arrangement har det vore, og kjem det til å bli utover i dette jubileumsåret. Me har alt hatt kåseri med tidlegare redaktør i «Vårt Land», Helge Simonnes. Ei flott og tankevekkjande musikalsk oppleving var det då systrene Garness framførte «Gåten om korset» like før påske. Og no, 12. mai: Konsert med Sigvart Dagsland.



Sigvart Dagsland (i midten) saman med Jango Nilsen (t.v) og Torjus Vierli (t.h.).

Til hausten vil det bli ulike arrangement, mellom anna ein mimrekveld: Frå byggjeprosess til vigsla kyrkje. Då vert det òg ei real fødselsdagskake, så det er berre å gle seg.

Konsert med Sigvart Dagsland (Sigvart trio), 25 år etter.

21. mai 1999 hadde Sigvart Dagsland konsert i den nyvigsla kyrkja. No, 25 år seinare, hadde han på ny konsert saman med to svært så dyktige musikarar: Torjus Vierli på keyboard og Jango Nilsen på trommer.

Om lag 350 tilhøyrarar var samla for å høyra den velrenomerte musikaren. Songen og tonane fylde kyrkjerommet, og mange song med. Her var både eldgamle songar, gamle songar og nye. Me kan nemna: «Den farligste friheten», «Eg ska laga bølger», «Kan eg gjørr någe med det?», «Ka e du redd for?», «Orkesteret», «De umulige», «Alt eg såg».

Inn i mellom fortalde songaren, som forresten har ein bestefar som voks opp i Skjold, om folk han har samarbeidd nært med. Han nemnde m.a. Gunnar Roaldkvam og Erik Hillestad, og han fortalde at kona, Karoline Krüger, var hans fremste kritiker både når det gjeld tekst og tone. Og med eit smil kunne Sigvart Dagsland opplysa at han meir enn gjerne kjem att til 50-årsjubileet, dersom han har helse til det!

Kulturveke i Vats og gudsteneste på Refsnes

Tekst og foto: Jon Olav Velde

Kulturveka i Vats som blir arrangert annakvart år, har i mange år hatt friluftsgudsteneste på Refsnes i Blikrabygd med i programmet. Søndag 9. juni bli det friluftsgudsteneste på Refsnes kl. 11.00.

Då er me også saman med speidarane i Vats - KFUK og KFUM. Dei har avslutning denne søndagen og då skal dei som vanleg overnatta i telt frå laurdag til søndag. Etter gudstenesta har speidarane avslutning for året og oppsummering av aktivitetane og konkurransane i løpet av siste året. Speidarleiarane har merkeutdeling til dei ulike speidargruppene.

Som regel har me vore heldige med veret og mange har møtt opp. Fleire gonger har det også vore barnedåp. I tilfelle dårleg vær, blir det sett opp eit stort telt. Etter gudstenesta er det

høve til grilling, drøsing og aktivitetar for dei som vil stoppa igjen.

Kl. 13.00 vil Barnas Turlag arrangera aktivitetar for ungane med start oppe

ved P-plassen for «Langs ei å». Der kan store og små delta i enkle aktivitetar opp langs elva. Håpar mange har lyst å vera med. Vel møtt til ein triveleg søndag på Refsnes i Vats.



Folk samla i bakken på Refsnes under gudstenesta.



Speidarar i tog inn til gudstenesta på Refsnes i 2023.

Kretsleir – Vats 24

Av Øivind Jønsson

KFUK og KFUM-speidarane skal ha kretsleir i Vats i tida 20.–26. juli. Leirstad blir like ved Vats kyrkje. Soknehuset/bedehuset Arken blir oppteken

i desse dagane. Det kjem ca. 400 deltakarar med leiarar og roverar, av desse ca. 100 frå utlandet. Leirsjef er Hilde Gudmundsen. Torsdag 25.

juli er sett av som besøksdag for interesserte, men leiren er open heile tida. Motto: Heilt med. Vats 24.

GRAVSTEIN
Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.
www.skattkjaer.no
Skattkjaer Skiferindustri as
Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD
Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.
Ølen Blomster
Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg
Vi tilbyr
- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse
Les mer på www.lvs.no

joker
Vikebygd Landhandel AS
Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no

Knapphus Bil
5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Ølen Betong
Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Knapphus Dekk & Bilverksted
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

Ølen auto

SpareBank 1 SR-BANK

tsrevisjon
Karmsundsgata 4 – 4250 Kopervik

Haugesund Sparebank

GRANBERG GARVERI AS
Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Stemme på Vikestølen 30. juni

Velkommen til Vikestølsmøte søndag 30. juni. Møte kl. 12.00 og kl. 14.00. Eit tradisjonsrikt arrangement som tok til i år 1900, då folket frå kyrkjelokna Skjold, Vats, Vikebygd, Bjoa og Ølen sette stemne til forkynning og song oppe på Vikestølen, i fjellet som er omkransa av desse bygdene. Men her kjem dei frå eit mykje større distrikt, og alle er like velkomne. Talaren i år er Rune Birkeland, tidlegare prest i sjømannskyrkja. I møta vert også song og musikk frå fleire.

For å koma til Vikestølen kan du følgja skogsvegen frå Eikås på Bjoa (ca. 45 minutt) eller frå Vikebygd (litt over ein time å gå). Ta med niste i sekken, så har vi felles matøkt mellom dei to møta. Stemnet sluttar ca. kl. 15.00. Ved finvær blir møta ute, men inne i hytta om det blir regn.

Velkommen til stemne på Vikestølen.

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
09.06	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Joh 3,26-30
09.06	Refsnes, Vats	11:00	Friluftsgudsteneste på Refsnes med speidarar, Takkoffer: Norges KFUM-Speidere	Joh 1,35-51
09.06	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Joh 1,35-51
16.06	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 16,24-27
16.06	Imsland kyrkje	11:00	Gudsteneste, ofring til ungdomsklubben, Takkoffer: Ungdomsklubben i Vikedal	Matt 16,24-27
23.06	Ølen Kyrkjetunet	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 7,21-29
23.06	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Lokal trusopplæring	Matt 7,21-29
30.06	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 16,13-20
30.06	Sandeid kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 16,13-20
07.07	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste, Song- og musikk gudsteneste, Takkoffer	Luk 19,1-10
14.07	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 12,37b-44
14.07	Bjoa kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 12,37b-4
21.07	Ølen kyrkjetunet	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Joh 8,2-11
21.07	Vikedal kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Joh 8,2-11
28.07	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Matt 18,21-35
28.07	Imsland kyrkje	13:00	Gudsteneste, ofring til sjømannsmisjonen, Takkoffer	Matt 18,21-35
04.08	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Mark 2,23-28
11.08	Ølen Kyrkjetunet	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 8,1-3
11.08	Sandeid kyrkje	13:00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 8,1-3
18.08	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 12,41-48
25.08	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer	Luk 17,7-10
25.08	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Konfirmantpresentasjon, Misjonssøndag besøk av NMS, Takkoffer	Luk 17,7-10
25.08	Vikebygd kyrkje	13:00	Gudsteneste, Presentasjon av konfirmanter, Misjonstema Besøk av NMS, Takkoffer	Luk 17,7-10
08.09	Skjold kyrkje	11:00	Jubileumsgudsteneste, Fellesgt., «I samme båt» – Stavanger Bispedømmes 900 års jubileum, Takkoffer	Matt 5,10-12

ARKEN bedehus i Vats www.arken-vats.no

05.06	onsdag	19.00	Kulturveka, foredrag
07.07	søndag	19.00	Når me kjem saman
04.08	søndag	19.00	Når me kjem saman
21.08	onsdag	19.00	Møte med NMS
22.08	torsdag	19.00	Bønne møte
28.08	onsdag	19.00	Møte med NLM
01.09	søndag	19.00	Når me kjem saman
04.09	onsdag	19.00	DISM
05.09	torsdag	20.00	Bønne møte
07.09	lørdag	18.00	Godt Vaksne
11.09	onsdag	19.00	Møte med Godt nytt
12.09	torsdag	18.00	Hautbasar Arken
18.09	onsdag	19.00	Inspirasjonssamling FUT

Bjoa bedehus

05.06	onsdag	11.00	Bibelstudie og Bønn
10.06	mandag	18.30	Bønne møte
12.06	onsdag	11.00	Bibelstudie og Bønn
17.06	mandag	18.30	Bønne møte
19.06	onsdag	11.00	Bibelstudie og Bønn
24.06	mandag	18.30	Sommeravslutning
26.06	onsdag	11.00	Bibelstudie og Bønn

Austrheim bedehus Skjold

23.06	sundag		St.Hans-feiring
-------	--------	--	-----------------

Leirar på Brandøy våren 2024

- Sommarleir 5.-7. klasse 21.-23. juni
 - Sommarleir 2.-4. klasse 24.-26. juni
 - Familieleir 28. juni-2. juli
- Påmelding på indremisjonen.no

Ølen kyrkje 150 år

Hald av jubileumsveka 3.-10. november, då skal det vera mykje flott program i kyrkja: Svein Tindberg kjem, tidl. organist Ådland kjem, kor med Feedback og andre kjem og mykje meir. Søndagen er jubileumsprek der m.a. biskopen er med. Arr.: Ølen-Bjoa sokneråd.

Misjonsbasar IIsvåg Bygdahus

Laurdag 27. juli kl. 19.00 til inntekt for NMS. Andakt. Kaffi og mat. Alle velkomne!

Vikebygd Bedehus

Onsdag 12. juni kl.19.00. Mat og prat. Me samlast til kveldsmat med ulike salatar og brød. Prest Torgeir Vea blir med oss og deler kveldsord og ein song eller to før me går heim. I haust startar me opp att onsdag 28. august. Velkommen!



Stafetten starta i Egersund, der sokneprest Leif Wikøren Nilsen rodde prost Ingun Stokstad Barane fram til kyrkja. Foto: Ivar Barane.

Skjold kyrkje – I same båt

7.-8. september kjem det ein kyrkje-båt frå bispedømmet til Skjold kyrkje. Båten, som er på gjennomreise til alle 90 kyrkjelydane i Rogaland for å markere 900-års jubileet av bispedømmet vårt i 2025, skal stå inne i Skjold kyrkje den helga. Kyrkja inviterer då til familiesamling med ulike aktiviteter, song og ei flott markering, laurdag 7. sept. kl.15.00–18.00. Sjå oppslag og kyrkja si web-side om program og påmelding. Søndag 8. sept. blir det felles-gudsteneste for Vindafjord for å markere jubileet

Kyrkjetunet i Ølen

Sjå aktivitetar i kalenderen og meir informasjon på: www.kyrkjetunet.no

Kvar tirsdag	19.30	Bønne møte
01.09	søndag	17.00 Samlingsfest
05.09	torsdag	11.00 Torsdagstreff 11–13 (kr 100)
03.10	torsdag	11.00 Torsdagstreff 11–13 (kr 100)

Arr. av Torsdagstreffa er Soknerådet Ølen og Bjoa /Diakoniutvalet Alle hjarteleg velkomen!

Vågen bedehusforsamling på bygdasenteret

Oppdatert kalender finnes på vaagenbedehus.no med meir info om

09.06	søndag	19.30	Kveldssamling på Kyrkjetunet
25.08	søndag	11.00	Storsamling med Awana Søndagsskule
01.09	søndag	19.30	Kveldssamling om Israel
08.09	søndag	11.00	Storsamling med Awana Søndagsskule

Øvre Vats bedehus hausten 2024

03.09.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff
04.09	onsdag	19.00	Møte: IMS
05.09	torsdag	18.00	Bedehusbasar
25.09	onsdag	19.00	Møte Samemisjonen
01.10	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff

FRÅ KYRKJEBOKA OG KUNNGJERINGAR

	Døyppte	Døde	Vigde
Vikedal	10.03.24 Julie Haugen	05.04.24 Kjell Reidar Austrheim f. 1938 15.04.24 Henning Erik Guldhav f. 1936 19.04.24 Norunn Andreassen f. 1937	23.03.24 Janne Lie Flage og Berge Severin Andreassen
Sandeid	25.02.24 Amelia Jansen Eike 25.02.24 Johan Obrestad Tjøstheim 25.02.24 Johan Sjurseike Bjelland 07.04.24 Henrik Hatlestad Øverland 07.04.24 Viljar Gjellestad Heggen 17.03.24 Emma Ramsfjell	12.03.24 Sigrd Moland f. 1928 05.04.24 Else Marie Skeie f. 1926 23.04.24 Erik Østbø f. 1930	
Ølen	17.03.24 Jonas Kolås Johansen	05.03.24 Torunn Kirsten Slettvold f. 1951 12.03.24 Harald Klungland f. 1930 22.03.24 Ivar Arne Svendsbø f. 1950	
Skjold	17.03.24 Maiken Marie Madsøy Ynnesdal 17.03.24 Selma Langelandsvik 31.03.24 Johan Medhaug Hjelmeland 07.04.24 Mia Seline Kjærland 07.04.24 Edda Mortveit	11.04.24 Olga Marie Frøvik f. 1942 17.04.24 Reidun Vestre f. 1936	
Vats	10.03.24 Vivil Enèh Austestad 10.03.24 Ola Dale 10.03.24 Christian Borre Viana Nordtveit 10.03.24 Maria Esther Viana-Nordtveit 14.04.24 Synnøve Haraldseid 14.04.24 Lina Dale	29.12.23 Johan Henry Johansen f. 1935 04.01.24 Alvhild Gurine Lysen f. 1933	
Vikebygd	29.03.24 Lilly Maritne Sælemyr Skartland	28.02.24 Agnes Olene Svendsbø	

HIMMEL OVER LIVET

FREDAG
Frå 17.00 Innkvartering
18.00 Grillbuffe ute
19.00 Kick off for barn i skulealder med **Viggo Klausen**, i matesalen
19.00 Kick off for ungdomane
20.30 Sommarkveld i teltet
- **Viggo Klausen**
- **Himmelpust**
- **Lill-Inger Velde**
- **Jarunn Ekemo**
Open kafé utover kvelden

LAURDAG
08.30-09.30 Frukostbuffe
09.50 Ti-på-ti bøn i teltet
10.30 Bibel og fellesskap i teltet
Vidar Mæland Bakke
«Himmel over livet - når eg ser din himmel»
- når himmelen skjuler seg bak skyene»
Barnas sommarfest i matesalen med **Viggo Klausen**
12.30 Lunsj
14.00 Misjonstivali
Hoppeslott, bungee-run, lykkehjul, fotball-dart, ansiktsmaling m.m.
15.00 Misjonsløp til inntekt for IMS
16.30 Utfukt for ungdomane
16.30 Seminar tid
Viggo Klausen:
«Barn og trusforsvar»
Vidar Mæland Bakke:
«Disippelrytmer»
17.30 Middag
19.00 Alle-saman-møte i teltet med **Viggo Klausen**
Open kafé utover kvelden med trekking av BRANDØY-lotteriet

SØNDAG
08.30-09.30 Frukostbuffe
09.50 Ti-på-ti bøn i teltet
10.30 Bibel og fellesskap i teltet
Vidar Mæland Bakke
«Himmel over livet - når eg ser din himmel»
Song ved **Linn B. Røen** og **Knut Inge Røen**
Alle møter i teltet kl 10:30 til song og nattverd. Barnas sommarfest fortset med **Viggo Klausen** i matesalen etterpå.
12.30-14.00 Fleksimiddag

VIDAR MÆLAND BAKKE
Hovudprest og dagleg leiar i ByMensheten - Sandnes

VIGGO KLAUSEN
Trusformidar, songforfattar og musiker

ims SOMMAR FEST

BRANDØY
14.-16. JUNI 2024

WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

SJEKK UT EIGE UNGDOMSOPPLEGG

Koret ville heidre Tore Tokheim på heimebane

Av Steinar Skartland

I 15 år har Tore Tokheim vore bussjåfør for Norheimsund og Øystese Ungdomskor sin påsketurne. I år med 5 kyrkjekonsertar på Haugalandet og i Sunnhordland. Under ein fullsett kyrkjekonsert i Sandeid ville koret heidra og takka han for denne dugnadstenesta.

– Konsertane i dei 6 kyrkjene samla i alt 800 tilhøyrarar, og i Sandeid var det mest heilt fullt, fortel dirigent Vidar Sangholt. Han har eit firma som driv med lydutstyr som koret får låne gratis. Tore får låne buss til kostpris i selskapet der han arbeider, foreldre er med som kokkar på turneen og dei brukar rimelege overnattingar.

– Me får noko støtte, men betalar det meste sjølv, fortel Vidar Sangholt som gir lovord for Tore si teneste. Koret ville heidra Tore for tenesta på heimebane i Sandeid og la etterpå ut på Facebook:

– Vår bussjåfør Tore Tokheim, som bur på Sandeid, fekk ein velfortent takk for køyring på 15 (!) korturnear på rad. Blomar, påskeegg og eit flott måleri av ein gamal HSD-buss – måla av kunstnar Lina Lyngset.

– Gjennom konsertane samlar koret inn til misjonsprosjekt. Eg var sjølv med i koret for 40 år sidan, og så vart



Velfortent takk til Tore Tokheim. Foto: NØUK.

mine ungar med då me budde på Norheimsund fortel Tore som starta som bussjåfør for turneane i 2008.

– Det er ei velsigning å få vera med og eg brukar ei ferieveke kvart år på dette. Koret har lagt turneen til Vindafjord 4 gonger. Det er lettare å få dette til når dei har vore her før.

– I koret er 40 songarar pluss orkester. Alle er ungdommar i alderen 13–19 år og det er lett å rekruttere nye når dei eldste går ut. Ungdomsskule og vidaregåande. Nokre få litt eldre. I Sandeid deltok 32 songarar og eit par foreldre var med i orkesteret i tillegg til ungdommane, fortel



Norheimsund og Øystese Ungdomskor.

Vidar og legg til at det er ufatteleg korleis dei får det til kvart år. Det er fullt med konsertar heile året. Koret har øvingshelg, enkle konsertar, julekonsert, vårkonsert og turne.

Sokneprest Torgeir Veia sluttar i tenesta

Av Steinar Skartland

Det var stor glede då Torgeir Veia vart tilsett som sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd.

Han melder nå til Hyrdingen at han ynskjer å flytta til Oslo. Det er kjærleik som er årsaken, og Torgeir understrekar at han har hatt eit godt samarbeid med alle medarbeidarane

lokalt og var teken godt imot her. Nå har han nytta seg av kort oppseiingstid under prøvetida, og sluttar i tenesta ved utgangen av mai. Vi ønskjer han alt godt i nye tenester.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent bele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS 22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 12. september 2024

Frist for levering av stoff er 12. august.